



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Sluttrapport frå forvaltningskontroll i Lund kommune 25. november 2014

Tema: Produksjonstilskot i jordbruket, SMIL og drenering, skogforvaltning med NMSK og
foryngingsplikta

Vår referanse 2014/11260

Innhold

| | |
|--|----|
| 1. Samandrag | 3 |
| 2. Innleiing | 4 |
| 3. Bakgrunn for kontrollen | 4 |
| 4. Heimel for kontrollen | 4 |
| 5. Opplysningar om gjennomført kontroll | 5 |
| 5.1. Faktaopplysningar om sjølve kontrollen | 5 |
| 5.2. Møter, intervju og dokumentgjennomgang | 6 |
| 5.3. Tema for forvaltningskontrollen | 6 |
| 6. Funn | 7 |
| 6.1. Definisjonar | 7 |
| 6.2. Tema 1 – Skog – foryngingsplikta og NMSK-strategi | 7 |
| 6.3. Tema 2 – SMIL og drenering – forvaltning av ordningane | 8 |
| 6.5. Tema 4 – PT – beitetilskot | 11 |
| 6.6. Tema 5 – PT - driftsfellesskap | 12 |
| 6.7. Tema 6 – PT - risikovurderingar | 13 |
| 6.8. Tema 7 – PT – reaksjonar ved avvik | 14 |
| 7. Oppfølging etter kontrollen | 15 |

1. Samandrag

Fylkesmannen i Rogaland var på forvaltningskontroll i Lund kommune 25.11.2014. Hovudtema for forvaltningskontrollen var kommunen si handsaming av ordningane med produksjonstilskot, SMIL og drenering, NMSK og foryngingsplikta.

Basert på kontrollen har vi registrert følgjande avvik og merknader:

Avvik:

- **Avvik 1:** Kommunen har ikkje følgd opp nokre gamle saker der skogen ikkje er forynga etter hogst.
- **Avvik 2:** Kommunen manglar godkjent SMIL-strategi.
- **Avvik 3:** Kommunen har ikkje vurdert avkorting i saker der kommunen har redusert dyretal eller areal etter kontroll.

Merknader:

- **Merknad 1:** NMSK-strategien, som er ein del av Landbruksplanen, har lite spesifikke mål når det gjeld skogbruk.
- **Merknad 2:** Saker blir ikkje vurdert ut frå naturmangfaldlova i søknader som gjeld ivaretaking av biologisk mangfald.
- **Merknad 3:** Kommunen har ikkje sjekklister/skriftleg rutinebeskriving for behandling av PT-søknader.
- **Merknad 4:** Kommunen har i nokre tilfelle ikkje gjort ei grundig nok vurdering når dei har godkjent mjølkekyr i full laktasjon på utmarksbeite.
- **Merknad 5:** Kommunen har ikkje utarbeidd skriftlege risikovurderingar for utplukk til stadleg kontroll for kvar søknadsomgang.

I rapporten blir gjennomføring av sjølve kontrollen og nærare beskriving av avvik og merknader gjennomgått.

2. Innleiing

Vi viser til varsel om kontroll datert 06.11.2014, og påfølgjande gjennomføring av kontroll 25.11.2014. Tema for kontrollen var kommunen si forvaltning av produksjonstilskotsordninga, SMIL og drenering og skogtema med oppfølging av foryngingsplikt og strategi for NMSK-midlane. Denne rapporten gir utfyllande opplysningar til dei funna som blei gjennomgått på kontrollen. I tillegg kjem eventuelle opplysningar kring sjølve kontrollen.

3. Bakgrunn for kontrollen

I embetsoppdraget frå Landbruks- og matdepartementet har Fylkesmannen (FM) fått i oppdrag å gjennomføre forvaltningskontroll av kommunane innan landbruksområdet. FM har det regionale ansvaret for å sikre at statlege midlar blir brukt og forvalta i samsvar med gjeldande regelverk. FM sin kontroll av Lund kommune inngår i dette arbeidet.

Hovudtema for forvaltningskontrollen i Lund kommune var kommunen si forvaltning av ordningane med produksjonstilskot i jordbruket (PT) SMIL og drenering, NMSK og foryngingsplikta.

Føremålet var å kontrollere kommunen si etterleving av forskrift 12.12.2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten, § 15 og særlovgivinga for tilskotsområda (forskrifter heimla i jordlova). FM ønskjer å kartleggje om kommunen har ei forsvarleg forvaltning av nemnte ordningar, og om kommunen si forvaltning skjer i tråd med gjeldande regelverk.

4. Heimel for kontrollen

Heimelsgrunnlaget for forvaltningskontrollen er forskrift av 12. desember 2003 nr. 1938 om reglement for økonomistyring i staten § 15 *Kontroll av underliggende virksomheter og andre som utøver forvaltningsmyndighet samt tilskuddsmottakere*. Her står det i § 15 første ledd at:

”Overordnede virksomheter skal ivareta kontroll med at underliggende virksomheter og enheter utenom statsforvaltningen som utøver forvaltningsmyndighet, utfører sine oppgaver på forsvarlig måte og i henhold til § 14.

Regelverket for økonomistyring i staten skal sikre ei effektiv styring og utnytting av statlege midlar og ei god mål- og resultatoppnåing.

Ordningane som blei gjennomgått under forvaltningskontrollen er omfatta av følgjande regelverk:

- Forskrift 22.03.2002 nr. 283 om produksjonstilskudd i jordbruket
- Forskrift 08.11.2006 nr. 1227 om tilskot til avløyising
- Forskrift 04.07.2003 nr. 951 om gjødselvarer mm. av organisk opphav
- Forskrift 06.07.2013 nr. 604 om tilskot til miljøtiltak i jordbruket, Rogaland
- Teknisk jordbruksavtale 2012-2013 og Jordbruksavtalen 2013-2014
- Rundskriv 28/13 frå Statens landbruksforvaltning (SLF) – «*Kommentarer til reglene om produksjonstilskudd i jordbruket og tilskudd til avløsning ved ferie og fritid – søknadsomgangene 20. august 2013 og 20. januar 2014*»

- Rundskriv 13/1-2 frå Statens landbruksforvaltning (SLF) – «*Produksjonstilskudd i jordbruket og tilskudd til avløsning ved ferie og fritid – saksbehandlingsrutiner ved søknadsomgangene 20. august 2013 og 20. januar 2014*»
- Rundskriv 8/2012 frå Statens landbruksforvaltning (SLF) – «*Retningslinjer for saksbehandling ved feil utbetalt tilskudd eller erstatning*»
- Forskrift 02.04.2004 nr. 448 om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket
- Rundskriv 7/2005 frå Statens landbruksforvaltning (SLF) – «*Forvaltning av forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket*»
- Forskrift 25.06.2013 nr. 769 om tilskudd til drenering av jordbruksjord
- Rundskriv 5/2013 frå Statens landbruksforvaltning (SLF) – «*Forvaltning av forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord*»
- Forskrift av 20.12.1996 om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål
- Forskrift av 07.06.2006 om berekraftig skogbruk
- Forskrift av 03.07.2006 om skogfond o.a.
- Forskrift av 04.02.2004 om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

5. Opplysningar om gjennomført kontroll

5.1. Faktaopplysningar om sjølv kontrollen

| | |
|-------------------------------------|---------------------------|
| Dato for kontroll: 25.11.2014 | Journalnummer: 2014/11260 |
| Dato for førre kontroll: 08.05.2009 | Journalnummer: 2009/3458 |

Kontrollert verksemd

| | |
|--------------------------------|-------------------------------------|
| Kommune: Lund | E-post : postmottak@lund.kommune.no |
| Besøksadresse: Moiveien 9, Moi | Telefon: 51 40 47 00 |

Til stades frå kommunen

| Namn | Funksjon | Opningsmøte | Intervju | Sluttmøte |
|-------------------|---------------|-------------|----------|-----------|
| Sverre Ørsland | landbrukssjef | x | X | x |
| Solfrid Birkeland | konsulent | x | X | x |
| John Skåland | PMN-sjef | x | x | x |
| Pål Ravndal | ordførar | x | | x |

Til stades frå FM

| Namn | Funksjon | Opningsmøte | Intervju | Sluttmøte |
|-----------------|---------------------------|-------------|----------|-----------|
| Ragnhild Hole | kontrolleiar | x | x | x |
| Hadle Nevøy | landbruksdirektør | x | x | x |
| Sissel Endresen | medkontrollør og referent | x | x | x |
| Morten Svanes | medkontrollør | x | x | x |
| Nono Dimby | medkontrollør | x | x | x |

5.2. Møter, intervju og dokumentgjennomgang

Kontrollen starta med eit opningsmøte der landbruksdirektør Hadle Nevøy informerte om bakgrunnen for kontrollen. Han la vekt på den viktige rolla som kommunane har i gjennomføring av landbrukspolitikken, og at kommunane si behandling av sentrale verkemiddel har mykje å seie for tilslutninga til politikken og verkemiddelbruken.

Deretter blei det gjennomført intervju om dei ulike tema. Ragnhild Hole leia sjølve kontrollen med intervju, Nono Dimby var medkontrollør for ordninga med SMIL og drenering og Morten Svanes var medkontrollør for ordninga med NMSK og foryngsplikta. Sissel C. Endresen var medkontrollør og referent. For nokre av tema blei intervjuet supplert med spørsmål knytt til søknader frå føretak. Funn blei gjennomgått på sluttmøte.

5.3. Tema for forvaltningskontrollen

Tabellen under viser kva tema som blei gjennomgått under kontrollen.

| Nr. | Tema | Ønskjer svar på |
|-----|---|---|
| 1 | Skog – Oppfølging av foryngingsplikt og strategi for NMSK-midlane | Om kommunen har ein strategi for bruk av NMSK-midlane og korleis kommunen følgjer opp foryngingsplikta. |
| 2 | SMIL og drenering – Forvaltning av ordningane | Kva rutinar har kommunen for å ha oversikt over sakene, og korleis sikrar kommunen at vilkår for tilskot blir følgt? |
| 3 | PT – Rutinar for innkomne søknader | Kva rutinar har kommunen for handsaming av innkomne søknader? |
| 4 | PT – Beitetilskot | Kva rutinar har kommunen for godkjenning av dyr på beite? |
| 5 | PT – Driftsfelleskap | Kva rutinar har kommunen for å kontrollere om det er/ikkje er driftsfelleskap, inkludert driftsfelleskapsvurdering i tilfelle der fleire føretak søker produksjonstilskot på same landbrukseigedom? |
| 6 | PT – Risikovurderingar | Kva vurderingar gjer kommunen når dei plukkar ut føretak til stikkprøvekontroll? Gjere greie for bakgrunnen for utplukk dei siste åra. |
| 7 | PT – Reaksjonar ved avvik | Kva reaksjonar har kommunen ved funn av feil i søknad eller ved regelverksbrot? |

6. Funn

I dette kapitlet vil FM gi ei tilbakemelding på utført kontroll fordelt på tema. Eventuelle avvik og merknader som blei avdekka vil bli gjennomgått under det enkelte tema.

6.1. Definisjonar

Funn blir delt opp i merknadar og avvik. Definisjonen på desse to er:

- **Avvik:** Mangel på oppfyljing av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.
- **Merknad:** Forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som FM meiner det er naudsynt å peike på for å sikre god forvaltning av dei ordningane som er kontrollerte.

6.2. Tema 1 – Skog – foryngingsplikta og NMSK-strategi

Om regelverket

Kommunane skal på ein lokaltilpassa måte følgje opp nasjonale og regionale målsettingar. Slike målsettingar er nedfelt nasjonalt både i meldingar til Stortinget, i lovar, forskrifter og andre retningslinjer. Regionalt er dei nasjonale målsettingane gjerne tilpassa og utdjupa gjennom regionalplanar, handlingsplanar og andre, gjerne årlege retningslinjer.

Oppbygging og skjøtsel av ny skog er eit tema det er sett klare mål for, både nasjonalt og regionalt. Det er også gitt retningslinjer om at kommunane skal ha fireårige strategiar for bruk av midlar til nærings- og miljøinvesteringar i skogbruket (NMSK), jf. «Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket» .

Utdrag § 3; «Det skal fastsettes overordnede retningslinjer for prioritering av søknader. Slike retningslinjer skal utarbeides i dialog mellom Fylkesmannen, kommunene og næringsorganisasjonene i skogbruket lokalt».

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju

NMSK-strategi

Kommunen har utarbeidd ein NMSK strategi i Landbruksplanen. Landbruksplanen er utarbeidd i 2012 og gjeld fram til 2016. Det som står i Landbruksplanen er generelt når det gjeld skogbruk, det er lite spesifikke mål. Landbruksplanen er vedteken av politisk utval. Det er ikkje skogeigarlag i kommunen, og informasjon om skogbruket er formidla via kommunen si nettside.

Oppfølging av foryngingsplikt etter hogst

Kommunen følgjer opp at det blir planta etter hogst. Dersom det er nokon som ikkje plantar etter hogst, blir desse følgt opp. Alt som er hogd skal no vere tilplanta. Kommunen meiner dei har kontroll på dette for dei siste åra. Kommunen veit om at det er nokre felt tilbake i tid

som enno ikkje er tilplanta. Dette gjeld saker tilbake i 2002-2003. Skogeigarane vil ikkje plante, og kommunen meiner det er vanskeleg å følgje opp når nokon ikkje vil. Kommunen opplyste at det for dei siste åra er følgt opp med skriftlig tilbakemelding til dei som har hogd.

FM la fram døme på tre saker som kommunen har behandla. I ei sak var areal hogd og FM stilte spørsmål ved om dette arealet er tilplanta med ny skog. Kommunen stadfesta at arealet var tilplanta med skog.

I ei anna sak var skogareal hogd og kommunen stadfesta at det gjaldt ein vegtrase og ikkje nydyrking. I ei tredje sak var tidlegare skogareal planta til med juletre. FM stilte spørsmål ved om desse to var nydyrkingssaker og om sakene er behandla av kommunen. Kommunen har ikkje behandla desse sakene, men meiner det ikkje er nydyrking men vegareal. Då kommunen ikkje har behandla sakene, er dei heller ikkje vurdert ut frå moglege kulturminne.

Fylkesmannen si vurdering

Det er utarbeidd mange nye skogbruksplanar. Desse kan danne grunnlag for det vidare arbeidet med ein NMSK-strategi. FM meiner det er positivt at kommunen har teke tak i saker som gjeld forynging, men det er framleis nokre gamle saker der skogeigarane ikkje ønskjer å plante til med skog.

Når det gjeld planting av juletre på skogareal og der det er vesentlige terrenginngrep t.d. grøfting og planering, så skulle desse vore behandla etter PBL.

Merknad:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- Merknad 1: NMSK-strategien, som er ein del av Landbruksplanen, har lite spesifikke mål når det gjeld skogbruk.

Avvik:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande avvik:

- Avvik 1: Kommunen har ikkje følgt opp nokre gamle saker der skogen ikkje er foryngt etter hogst.

6.3. Tema 2 – SMIL og drenering – forvaltning av ordningane

Om regelverket

Kommunen skal fastsette overordna retningslinjer for korleis søknader om SMIL-midlar skal prioriterast. Retningslinjene bør bl.a. innehalde miljøfaglege kriterier, og eventuelle andre kriterier, for prioritering av søknadene. Retningslinjene skal fastsetjast i dialog med FM og næringsorganisasjonane lokalt.

Tilskot kan gis til føretak som vil utføre eit dreneringsarbeid på eige, - eller leigd jordbruksareal som tidlegare er drenert. Søknadsskjema skal sendast til det lokale landbrukskontor saman med kart, grøfteplan og miljøplan trinn 2. Kommunen må i si sakshandsaming mellom anna vurdere påverknad på naturmangfald, kulturminner og vassmiljø, - før vedtak blir fatta. Vedtak må fattast før dreneringsarbeidet kan starte.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju

SMIL

Kommunen har hatt SMIL-strategi tidlegare, men dei er usikre på kva dei har no. Kommunen har politisk behandling av SMIL-sakene. Prioriterer saker som gjeld utmark og kulturminner. Kommunen la fram SMIL-strategi frå 2011. I den er det også NMSK-strategi. Strategien er ikkje fornya etter 2011.

Når det blir fatta vedtak som gjeld bygningar, hentar kommunen informasjon frå kulturmyndigheitene. Når det gjeld biologisk mangfald, byggjer kommunen vedtaka på eigen kunnskap og vurderingar.

Kommunen nyttar reknearket som FM har sendt ut. Reknearket blir brukt fortløpande og det gir kommunen oversikt over sakene.

Kommunen har ikkje full oversikt over gamle saker der tilskot bør trekkjast tilbake fordi fristen er overskriden. Kjenner til saker som noverande saksbehandlar har vurdert, men slit med at det er ein del gamle saker der andre har vore involvert. Kommunen er alltid ute i felt og vurderer sakene før det blir fatta vedtak.

Kommunen brukar kart frå Skog og landskap. Kommunen slit med naturmangfaldlova og kravet om at alle saker som kan påverke naturverdiar skal vurderast etter denne.

Kommunen opplyste at dei kjem til å bruke opp SMIL-potten for 2014.

Dreneringsordninga

Kommunen har brukt opp midlane for i år, så det er god aktivitet i Lund på drenering. Det er ei utfordring at kvaliteten på grøfteplanane er for dårlege, men arbeidet som blir gjennomført er bra. Dei tek med kartet frå miljøplan trinn 2 når det gjeld søknader om grøftetilskot.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen må ha ein politisk vedtatt SMIL-strategi. FM kan vanskeleg behandle eventuelle klagar dersom kommunen ikkje har ein SMIL-strategi som belyser, i ein prioritert rekkefølge (med tilskotssatsar), kva verdiar som kommunen vil ivareta. Det er viktig at kommunen brukar dei tilgjengelege databasane for å finne ut kva verdiar som finst i området. Det bør omtalast i saksutgreinga kva som finst i området og det må vurderast kva konsekvensar det tiltaket dei søker tilskot til har for biologisk mangfald eller andre kulturverdiar.

Merknad:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- Merknad 2: Saker blir ikkje vurdert ut frå naturmangfaldlova i søknader som gjeld ivaretaking av biologisk mangfald.

Avvik:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande avvik:

- Avvik 2 : Kommunen manglar godkjent SMIL-strategi.

6.4. Tema 3 – PT-rutinar for innkomne søknader

Om regelverket

Kommunen har ansvar for å godkjenne søknader om produksjonstilskot, jf. PT-forskrifta § 10 første ledd. Kommunen sit såleis med eit særskilt ansvar for tilskotsutbetalinga. For å sikre at søknader som blir godkjente fyller krava for tilskotsutbetaling som ligg i regelverket, er det viktig med gode og oversiktlege sakshandsamingsrutinar for innkomne søknader. Ulike rundskriv frå SLF gir retningslinjer for korleis kommunen skal behandle søknadene for dei ulike tilskotsordningane.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju

Lund har om lag 100 føretak som søker PT. Når kommunen skal behandle søknadene ser dei på siste søknadsomgangen for å sjå om det er store endringar. Kommunen går gjennom alle søknadene for å sjå om det er feil. Kommunen ringer søker dersom dei er i tvil. I nokre tilfelle ringer søker og vil ha endra på søknaden. Dersom kommunen finn at det er grunnlag for å endre søknaden, legg dei inn nye opplysningar og skriver ut søknaden. Kommunen krev at søker kjem inn på kontoret og skriv under på endra søknad. Kommunen brukar kommentarfeltet under søknadsbehandlinga. Kommunen skriv ut alle søknader etter at dei er godkjende, og dei følgjer opp varselmeldingar og feilmeldingar.

Når det gjeld avløysartilskot, anbefaler kommunen at søkerane fører på maks tilskotsbeløp. Då får søkerane utbetalt det som er dokumentert beløp.

På spørsmål opplyser kommunen at dei ikkje har ein skriftleg omtale av rutinane eller sjekklister for behandling av PT-søknader.

FM stilte spørsmål ved ein sak som gjeld hest i pensjon. Her viste kommunen til ein avtale frå 2011 som blir fornya fortløpande, og som kommunen har i sitt saksarkiv.

Når det gjeld sal av grovfôr, krev kommunen kvittering for dei som startar opp med sal av fôr. Viser til avvik gitt ved siste kontroll.

Ved saksbehandling av saker som skal til manuell utbetaling, opplyser kommunen at dei vurderer om klagen har kome inn innan klagefristen.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen har gode rutinar når søknader om produksjonstilskot blir endra etter telefon frå søkjar. I desse tilfella skriv kommunen ut korrigert søknad og krev at søkjar kjem inn på kontoret for å signere den korrigererte søknaden.

Vi vil tilrå at kommunen utarbeider ei sjekklister eller skriftleg rutinebeskriving for dei rutinane kommunen har for behandling av søknader om produksjonstilskot. Dette vil gjere kommunen mindre sårbar ved sjukefråvær, skifte av saksbehandlar og liknande.

Merknad:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- Merknad 3: Kommunen har ikkje sjekklister/skriftleg rutinebeskriving for behandling av PT-søknader.

6.5. Tema 4 – PT – beitetilskot

Om regelverket

Kommunen skal sjå til at føretak som søker om beitetilskot oppfyller krava til beiting, jf. teknisk jordbruksavtale for 2012-2013, punkt 7.5. Det betyr at føretak som har dyr på beite skal oppfylle gitte krav om minimum tal veker beiting og at beiting skjer på område med tilfredstillande beitemoglegheiter. Det er krav om at minst 50 % av det daglege grovfôropptaket skal skje ved beiting.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju

Kommunen nyttar ikkje «Rogalandsmodellen». Dei fleste gardsbruka har stort sett gjerde som skil innmarksbeite og utmarksbeite. Dyra går på beite så lenge at dei etter kommunen si oppfatning oppfyller krav til beitetid. Det er store utmarksareal i kommunen som blir nytta til beite. Kommunen peikte på at det kan vere eit problem at det er for lite dyr i høve til tilgjengeleg beiteareal.

Kommunen reknar ikkje på om beitekravet er oppfylt. I eitt tilfelle har kommunen vore på kontroll for å vurdere beite kvalitet fordi det var kome opplysningar om at dyra var tynne. Kommunen konkluderte med at det var vanskeleg å vurdere så seint på året.

Fylkesmannen viste til ein søknad der alle mjølkekyrne var ført på utmarksbeite og stilte spørsmål ved om dette er korrekt. Kommunen opplyste at dei i dette tilfellet hadde vore på kontroll og meiner at mjølkekyrne gjekk på utmarksbeite. Det går veg opp til utmarksbeite. Kommunen opplyste at dei vil kontrollere denne søkjaren neste sommar for å sjekke om mjølkekyrne går på utmarksbeite midt på sommaren.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen bør vere meir merksame på mjølkekyr på beite, særleg mjølkekyr ført på utmarksbeite. Det bør gjerast ein nærare vurdering av om kravet til fôropptak frå beite er tilfredsstilt.

FM oppmoda kommunen til å sjå på den aktuelle søknaden frå august 2014 på nytt fordi det er lite sannsynleg at mjølkekyr i full laktasjon kan dekke fôrbehovet med å ta opp minst halvparten av fôret på utmarksbeite.

Merknad:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- Merknad 4: Kommunen har i nokre tilfelle ikkje gjort ei grundig nok vurdering når dei har godkjent mjølkekyr i full laktasjon på utmarksbeite.

6.6. Tema 5 – PT - driftsfellesskap

Om regelverket

Kommunen har ansvar for å kontrollere om det er så nært samarbeid mellom føretak at det fører til driftsfellesskap, jf. § 4 i PT-forskrifta. Spesielt er det viktig med slik kontroll i tilfelle der fleire føretak på same landbrukseigedom søker produksjonstilskot. Risikoen for feilutbetaling av store beløp er høg dersom det ligg føre driftsfellesskap mellom to føretak som søker om produksjonstilskot. Det er derfor viktig at kommunen fører gode kontrollar med denne delen av regelverket.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju

Kommunen opplyste at det er to tilfelle i kommunen der ektefeller driv kvart sitt bruk. Det eine har Fylkesmannen kontrollert i 2014. Det andre gjeld føretak der den eine ektefellen driv med kjøttfe og den andre driv med svin og sau. I slike saker vurderer kommunen drifta og ser til ein viss grad på rekneskapen. Kommunen meiner det er vanskeleg å vurdere desse sakene.

Kommunen har også kontrollert eit tilfelle der far og son søker på grovfôrproduksjon frå same landbrukseigedom. Sonen leiger eit bruk og kommunen meiner dei driv klart åtskilt.

Kommunen opplyste at dei var usikre på om det er gjort skriftlege vurderingar i dei sakene som gjeld driftsfellesskap, dei skal sjekke opp om det ligg notat i arkivet. Kommunen har ikkje hatt saker der dei har konkludert med driftsfellesskap.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen meiner at kommunen er merksame på saker der det kan vere driftsfellesskap, og har gjort ei vurdering før dei har godkjent to separate søknader.

Fylkesmannen fann ingen avvik og har ikkje nokon merknader.

6.7. Tema 6 – PT - risikovurderingar

Om regelverket

Kommunen skal plukke ut minst 5 % av føretaka som har søkt om produksjonstilskot til stikkprøvekontroll. Utplukket skal vere risikobasert, jf. kapittel 5 i rundskriv 13/1-2 frå SLF. Det vil seie at kommunen må vurdere kor sannsynleg det er at føretak kan få utbetalt tilskot dei ikkje har rett på, og moglege konsekvensar av slike feilutbetalingar. Her er det viktig at kommunen gjer gode vurderingar i forkant av stadleg kontroll. Kommunen må bruke den lokalkjennskapen dei har og erfaringar frå tidlegare søknadsomgangar.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju

Ved søknadsomgangen i august har kommunen valt å prioritere kontroll av areal for å sjekke at kartopplysningane er rette. Dei prioritere og søkjarar der det er store endringar i høve til tidlegar søknader. Nye søkjarar blir også prioritert. Elles har dei god oversikt på landbruksføretaka i kommunen og nyttar lokalkunnskap for å velje ut bruk dei meiner bør kontrollerast. Kommunen følgjer også opp bekymringsmeldingar.

Kommunen har ikkje nokon skriftleg risikovurdering for kvar søknadsomgang. Dei noterer opp etter kvart dersom dei meiner det er nokon som bør kontrollerast.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen meiner at risikovurderinga som kommunen gjer går lite på ordningar og risiko der. Sannsyn og konsekvens må vurderast. Det bør gjerast ein skriftleg risikovurdering for kvar søknadsomgang der det blir gjort ei risikovurdering av ulike ordningar. Denne bør vere skriftleg.

Merknad:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande merknad:

- Merknad 5: Kommunen har ikkje utarbeidd skriftlege risikovurderingar for utplukk til stadleg kontroll for kvar søknadsomgang.

6.8. Tema 7 – PT – reaksjonar ved avvik

Om regleverket

Kommunen har ansvar for å vurdere avkorting i tilfelle der det blir oppdaga feil i søknad om produksjonstilskot eller ved regelverksbrot, jf. § 12 og § 13 i PT-forskrifta. Hovudregelen er at tilskotet skal avkortast dersom det er gitt feil opplysningar som ville ført til at føretaket fekk utbetalt meir tilskot enn det har rett på, jf. rundskriv 13/1-2 frå SLF, kap. 9.5. Ei god oppfølging frå kommunen si side her er viktig for å gjere søkjaren meir aktsam og for å førebyggje feilutbetalingar og regelverksbrot. Kommunen skal vurdere avkorting i alle saker der føretak har gitt feilopplysningar som kunne ført til urett meirutbetaling av tilskot jf. pkt. 9.5.3 i rundskriv 13/1-2. Brev med vurdering skal sendast til søkjar, med kopi til FM.

Omtale av kommunen sin praksis på grunnlag av intervju

Kommunen kan ikkje hugse nokon saker der søkjar har ført for mange dyr, og har difor ikkje hatt saker der tilskotet har blitt avkorta. Det er fleire som har ført for få dyr eller for lite areal. Kommunen tek kontakt med søkjar dersom kommunen er i tvil om dyretalet som er ført opp korrekt. Kommunen meiner at det hindrar feil og gjer at det blir mindre arbeid for kommunen i ettertid.

FM la fram liste PT-4100 A for søknadsomgangene 31.07.2013 og 01.01.2014, og desse listene viser søknader der det er avvik mellom det søkjaren har ført opp i søknaden og det kommunen har godkjent.

Fylkesmannen si vurdering

Kommunen skal alltid vurdere avkorting dersom ein søkjar har ført for mange dyr eller for stort areal og dette kunne ført til at det feilaktig kunne blir utbetalt meir tilskot, jf. rundskriv 28/13 pkt.13. Denne vurderinga skal sendast søkjar med kopi til FM. Kommunen har så langt ikkje vurdert avkorting.

FM meiner det kan vere uheldig at kommunen tek kontakt med søkjar dersom kommunen meiner dyretalet kan vere feil. Det kan kamouflere «juks» ved at søkjar kan innrømme «feilføring» og det blir ikkje reagert med avkorting.

Liste PT-4100 A for søknadsomgangene 31.07.2013 og 01.01.2014 viser at det er søkjarar som har søkt på eit høgare dyretal enn det kommunen har godkjent. Kommunen skulle vurdert avkorting i desse tilfella.

Avvik:

På bakgrunn av vurderingane ovanfor har vi følgjande avvik:

- Avvik 3: Kommunen har ikkje vurdert avkorting i saker der kommunen har redusert dyretal eller areal etter kontroll.

7. Oppfølging etter kontrollen

Lund kommune må innan 22.05.2015 gjere greie for kva tiltak som er sett i verk for å rette opp registrerte avvik. Dersom avvik ikkje er retta opp på dette tidspunkt, skal utgreiinga innehalde ein tidfesta plan for korleis avvik skal rettast opp. I tillegg er det ønskeleg å få tilbakemelding på kva planar kommunen har for forbetringar på dei områda som det blir synt til i merknadane.